

# Årsmelding 2022



Foto: Morten Wanvik

# Føreord

*Miljøløftet er samarbeidet om byvekstavtalen for bergensområdet (2019-2029). Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet ved Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet, Kommunal- og distriktsdepartementet ved Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakken Bypakke Bergen (Prop 11 S) er også ein del av Miljøløftet. Bypakke Bergen er geografisk avgrensa til Bergen kommune.*

Årsmeldinga oppsummerer aktivitetar og tiltak som er finansiert gjennom Miljøløftet i 2022. Den gir også ein status på økonomi og måloppnåing for samarbeidet så langt.

Høgdepunktet for Miljøløftet i 2022 var opninga av Bybanen byggetrinn 4 mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen terminal. Vi har fått etablert ein tverrgående kollektivakse som bind bydelar og nabolag saman på ein heilt ny måte og som gjer kvardagen enklare for dei reisande. Opninga var ein stor og viktig milepæl, både for kollektivtransporten i bergensområdet og for Miljøløftet-samarbeidet.

Delar av sykkelstamvegen i Bergen blei også opna for trafikk i 2022, både gang- og sykkelbrua i Fløen og gang- og sykkelvegen langs Store Lungegårdsvann. Gjennom heile året blei det arbeidd med å bygge gang- og sykkel tunnelane Kronstadttunnelen og Fyllingsdals-tunnelen.

I dei andre Miljøløftet-kommunane har fleire prosjekt kome i gang i 2022. Både i Kvamsbrekko i Alver og i Idrettsvegen i Øygarden har det vore oppstart mens fleire større og mindre prosjekt nærmar seg byggstart, som Hatvikvegen i Bjørnafjorden og Kvernhusdalen på Askøy.

I 2022 er det brukt om lag tre milliardar «Miljøløftet»-kroner. Av desse er om lag ein milliard bompengar. Av desse vart i overkant av 800 millionar brukt på Bybanens byggetrinn 4. Staten bidrog med 1,8 milliardar i byvekst-avtalesamarbeidet i fjor. Om lag halvparten av desse gjekk til Bybanens byggetrinn 4. Den andre halvparten har finansiert større og mindre prosjekt i alle kommunane og kollektivdrifta til Skyss. Vestland fylkeskommune har rekneskapsført i overkant av 200 millionar som bidrag inn i Miljøløftet i 2022. Fylkeskommunen er i tillegg byggherre for fleire av dei statleg finansierte prosjekta i avtaleområdet.

I løpet av 2022 har persontransporten byrja å kome tilbake til normalen, etter å ha vore sterkt prega av pandemien dei to føregående åra. Hovudindeksen for byvekstavtalen, byindeksen, viser ein reduksjon i personbiltrafikken på 1,1 % i 2022, samanlikna med referanseåret 2018. Dermed oppfyller Miljøløftet framleis nullvekstmålet.


Det er likevel viktig å merke seg at byindeksen aukar frå 2021 til 2022, samtidig som talet reiser per person per dag held seg nærmast uendra (2,47 i 2021 og 2,48 i 2022). Dersom talet på reiser per person per dag etter kvart kjem tilbake til nivået vi såg før Covid-19-pandemien (2,75 i 2019), vil byindeksen overstige nullvekstmålet. Det er difor god grunn til å følgje utviklinga i byindeksen tett framover.




# Innhold

Føreord	2
Nøkkeltal økonomi 2022	4
Status økonomi	4
Status måloppnåing	5
<b>Miljøløftet</b>	<b>8</b>
Om Miljøløftet	9
Organisering	10
Styring	11
<b>2022</b>	<b>12</b>
Saman om Miljøløftet	13
Milepælar 2022	14
2022 i tal	15
Satsingsområde: Gange og sykkel	20
Satsingsområde: Kollektiv	29
Satsingsområde: Innfartsparkering	33
Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon	35
Tiltak utanfor satsingsområde/ Andre tiltak	38
Miljøløftet i kommunane: Effektiv arealbruk	42
- Alver kommune	43
- Askøy kommune	44
- Bjørnafjorden kommune	45
- Øygarden kommune	46
- Bergen kommune	47
Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet	49
Restriktive tiltak	52
<b>Økonomi</b>	<b>53</b>
Økonomi i Miljøløftet	54
Oversikt	55

# Nøkkeltal økonomi 2022



# Status økonomi







# Status måloppnåing

Måloppnåinga i Miljøløftet blir talfesta gjennom indikatorane for transport- og arealutvikling i byvekstavtalen. Trafikkutviklinga for persontransport med bil blir stadfesta gjennom byindeksen, som er hovudindikator for nullvekstmålet. Nullvekstmålet skal målast formelt på eit treårs glidande gjennomsnitt. I tillegg til byindeksen blir det rapportert på fleire støtteindikatorar for å gi eit heilskapleg bilete av transport- og arealutviklinga i avtaleområdet. Desse inkluderer teljing av kollektiv- og sykkeltrafikk, arealbruk, parkering, utslepp av klimagassar (CO<sub>2</sub>-ekvivalentar) og reisevaneundersøking (RVU), som mellom anna inkluderer tal på turar per person per dag og reisemiddelfordeling. Støtteindikatorane arealbruk og parkering målast berre kvart andre år. Desse er ikkje målt i 2022.


## Hovudindikator nullvekst



## Støtteindikatorar



## Hovudindikator 2018–2022



## Hovudindikator

Byindeksen viser reduksjon i personbiltrafikken på 1,1 %, samanlikna med referanseåret 2018. Miljøløftet oppfyller dermed nullvekstmålet i 2022.

Det er likevel viktig å merke seg trenden i byindeksen si utvikling. Den auka vesentleg frå 2021 til 2022 (+ 3,4 pp.\*\*), samstundes som RVU-en (sjå side 6) viser at talet reiser per person per dag har endra seg minimalt i same periode (2,47 i 2021 og 2,48 i 2022). Dersom talet reiser per person per dag kjem tilbake til nivået vi såg før pandemien (2,75 i 2019), vil byindeksen etter alt å dømme overstige nullvekstmålet.

## Støtteindikatorar (sjå utvikling år for år side 7)

Etter nokre magre år med Covid-19-restriksjonar var talet kollektivpassasjerar i 2022 igjen høgare enn referanseåret 2018 (+5,2 %). Dette kan i hovudsak tilskrivas Bybanen, som har hatt ein formidabel passasjerauke\*\*\* i perioden. Men også buss, båt og til dels tog nærmar seg plussida, samanlikna med referanseåret.

Sykkelindeksen for 2022 ligg framleis litt bak referanseåret 2018, men vi ser ei svak positiv utvikling frå 2021 til 2022.

Reduksjonen i CO<sub>2</sub>-utslepp frå vegtrafikken har halde fram. Her er dei nyaste berekningane frå 2021. Det er likevel verdt å merke seg at utviklinga flatar ut samanlikna med dei to føregåande åra.

\* Merk at rapporterte tal frå sykkelindeksen i tidligare årsmeldingar har vorte justert på grunn av ein feil med teljaren på Gamle Nygårdsbro


\*\* pp. = prosentpoeng

\*\*\* Inkluderer passasjerantallet for Bybanens linje 2 som opna 21. november 2022

# Reisevaneundersøking

## Reisemiddelfordeling 2022


Endringane i reisemiddelfordelingane er vist i prosentpoeng.




## Turar per person, per dag



### Utvikling 2018–2022



## Reisemiddelfordeling 2018–2022




Det er interessant å merke seg den vesentlege reduksjonen i prosentdelen reiser med bil. Ser ein kategoriane *bil som førar* og *bil som passasjer* samla, får vi ein reduksjon i delen bilbrukarar på 4,3 prosentpoeng frå 2021 til 2022. Dette bryt tvert med passeringsauken vi ser i byindeksen for same periode, og det er ikkje direkte klart kva årsaka er.

Ei forklaring kan vere endringar i reisemønster med bil etter Covid-19, der nye reiselengder og/eller ruter har gitt fleire treff i byindeksen sine tellepunkt. Gledelig er det i alle fall at reduksjonen vi ser i prosentdelen reiser med bil i 2022 gjev ein auke for reisemiddelformene sykkel, gåing og kollektiv.

## Støtteinidikatorar 2018–2022

### Kollektiv (pástigingar)




**Bybanen (pástigingar)**  
 +28,7%  
 2018: 14,9 mill.  
 2022: 19,1 mill.

**Buss (pástigingar)**  
 -1,3%  
 2018: 52,1 mill.  
 2022: 51,4 mill.

**Båt (pástigingar)**  
 -2,9%  
 2018: 0,7 mill.  
 2022: 0,7 mill.


**Tog (pástigingar)**  
 -9,7%  
 2018: 0,93 mill.  
 2022: 0,84 mill.

### Sykkelindeks



**Sykkelindeks (teljepunkt)**  
 -1,6%  
 Endring 2018–2022

### CO<sub>2</sub> frá vegtrafikk



**Tonn CO<sub>2</sub> frá all vegtrafikk**  
 -17,9%  
 2018: 505 482  
 2021: 415 091



Del

# 01

## Miljøløftet





# Om Miljøløftet

Gjennom byvekstavtalane samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil.

Miljøløftet er samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet. Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkes-


kommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Miljøløftet skal bidra til ei framtidretta utvikling av Bergensområdet.

## Byvekstavtalen



## Bypakke Bergen



# Organisering

## Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyling og mål- og resultatstyring. Arbeidet skal danne grunnlag for saksframlegg det er semje om til fylkesting, by- og kommunestyre. Det er desse som tek dei endelege avgjerdene om korleis ein skal prioritere midlane i Miljøløftet.

## Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet skal prioritere og balansere porteføljen til Miljøløftet, basert på vurderingskriterium og satsingsområde. Prioriteringsrådet behandlar og gir råd om nytte, kostnader og risiko knytt til aktuelle prosjekt og tiltak. Rådet innstiller til handlingsprogram, behandlar avvik og fremjar saker til styringsgruppa.

## Samordningsfunksjonen


Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyling.

Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark, vurdere prosjekta, og fremje eit forslag til handlingsprogram til prioriteringsrådet. Samordningsfunksjonen arbeider på vegner av alle partane i Miljøløftet.

## Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergarhus, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og utviklar forslag til prosjekt på vegner av partane i Miljøløftet.

## Organisasjonskart



# Styring

## Porteføljestyring

Prosjekta i byvekstavtalen blir prioriterte gjennom porteføljestyling. Det vil seie å gi prosjekta ei heilskapleg vurdering basert på måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring.

## Styringsprosess

Alle prosjekt som er ønska, vert spelt inn gjennom prosjektark. Desse blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestylinga. Dei prosjekta som blir prioritert med finansiering, blir del av handlingsprogrammet. Dette blir rullert kvart år. Årsmeldinga rapporterer på kostnad og måloppnåing.

## Porteføljestyling i Miljøløftet



## Årleg avgjerdsprosess:

- Saman med samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet arbeider sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i april. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir vedteke i desember.




Del

02

2022







## Saman om Miljøløftet

Miljøløftet er samarbeidet om nullvekstmålet: I bergensområdet skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransport blir tatt gjennom kollektivtransport, sykling og gåing.

Partane i Miljøløftet jobbar for å auke konkurransekrafta til kollektiv, og det å sykle og gå. Gjennom investeringar i infrastruktur, tilskot til drift, meir effektiv arealbruk og trafikkregulerande tiltak, vil Miljøløftet gjere det enklare for innbyggjarane i bergensområdet å velje vekk personbilreiser.

Del 2 i årsmeldinga gjennomgår kva midlane i Miljøløftet er nytta til inneverande år, og partane sitt arbeid med dei ulike forpliktingane som ligg i byvekstavtalen. Gjennomgangen tek føre seg:

- Satsingsområde gange og sykkel
- Satsingsområde kollektivtransport
- Satsingsområde innfartsparkering
- Satsingsområde miljøvennleg teknologi og innovasjon
- Tiltak utanfor satsingsområde/ Andre tiltak
- Miljøløftet i kommunane: Effektiv arealbruk
- Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet
- Restriktive tiltak

# Milepælar 2022

2022

Januar

Februar

Mars

April

Mai

Juni

Juli

August

September

Oktober

November

Desember

2023



**23. februar**  
Bystyret i Bergen kommune vedtek "Handlingsplan for gange 2022–25". Rundt 100 millioner skal brukast på ulike tiltak over fire år. Omtrent to tredjedelar er finansiert gjennom Miljøløftet. Foto: Kristian Rindheim



**22. mars**  
Alver-ordfører Sara Sekkingstad klipper snora for nye Miljøløftet-finansierte el-syklar på BUA Frekhaug og BUA Manger. Foto: Anders Kjetland



**25. mars**  
Ildsjel Hans Olav Evensen under markering av byggestart i Kvamsbrekko, Alver. Foto: Thor Brødreskift



**5. mai**  
Opning av gangveg Såtabu–Helsehuset i Knarvik, Alver. Foto: Andres Kjetland




**29. juni**  
Byggestart for ny undergang for syklande og gåande i Idrettsvegen på Straume. Dette er det første Miljøløftet-finansierte prosjektet som vil stå ferdig i Øygarden. Foto: Vigney Brekke



**18.–21. november**  
Opningshelg for Bybanen linje 2 til Fyllingsdalen. Fredag 18. klipper samferdselsministeren snora, søndag er det førpremiere og måndag opnar banen med full drift. Foto: Morten Wanvik

# 2022 i tal



Denne oversikta gir eit forenkla bilete av kva Miljøløftet har produsert i 2022. Det blir rapportert på strekningar som er ferdigstilte det aktuelle året. Definisjonen av ferdigstilt er at "endeleg løysing er tatt i bruk". Dermed vil delar av eit prosjekt som er tatt i bruk teljast med, sjølv om ikkje heile prosjektet er ferdig.

### Sykkel og gange

Det er ulike måtar å telje kor mange meter sykkel- og gangveg som er bygd. Vi har vald å telje begge retningane for dei strekningane som har høg kvalitet, og som legg godt til rette for to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning. Gode løysingar med fortau/sykkelfelt på begge sider av ein bilveg blir til dømes talt to gonger. Ein sykkelveg med fortau blir talt dobbelt for sykkel

(om løysinga har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning) og enkelt for fortau, med mindre det er fortau på begge sider av sykkelvegen.

### Kollektivtransport

Det er også ulike måtar å telje kor mykje kollektiv infrastruktur som er bygd. Vi har vald å telje ferdigstilte strekningar inneverande år. Ettersom ein ikkje kan ta i bruk infrastruktur for kollektivsystem før heile anlegget er ferdig, blir det her rapportert på framdrifta i prosjekta det gjeldande året. På same måte som for sykkel og gange tel vi begge retningar for løysingar som har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning.





Kronstادتunnelen var under bygging i 2022. Gang- og sykkelunnelen er del av E39 Sykkelstamveg delstrekning 5 mellom Kristianborg og Bergen sentrum. Bybanen utbygging, her representert ved Camilla Einersen og Kristine Kjeilen, bygger sykkelstamvegen. Foto: Anders Kjetland



Ny kulvert under idrettsvegen i Øygarden var under bygging i 2022. Foto: Vagleik Brekk



Oppstart i Kvamsbrekko mars 2022. Her kjem eit heilt nytt tilbod til mjuke trafikantar og betre framkjømd for kollektiv og næring. Foto: Thor Brødreskift



Nytt sykkelfelt i Carl Konowgate stod ferdig i 2022. Foto: Anders Kjetland




GS-løysing langs Nilsavegen stod ferdig i 2022. Foto Bjørnafjorden kommune



# Satsingsområde: Gange og sykkel


Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden





# Satsingsområde: Gange og sykkel

## Bergen




### Gange og sykkel

1. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstr. 5, Kristianborg–Bergen sentrum
2. Fv. 582 Carl Konows gate, Gyldenpriskrysset–Fyllingsveien
3. Fv5200 Infrastruktur Paradis – Gang- og sykkelveg med bro
4. Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg
5. Fv5358 Fyllingsveien, fortau og fremkommelighet kollektiv
6. Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen B4
7. Hjellestadvegen
8. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold
9. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstr. 6b, Bradbenken–Sandvikstorget
10. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstr. 6c, Sandvikstorget–Glass Knag
11. Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering
12. Fv540 Allestadvegen–Skarphaugen
13. Fv585 Straksløsning for sykkel Christies gate–Bradbenken
14. Forprosjekt/mulighetsstudie Arna–Midtun
15. Fv5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset–Krabbedalen
16. Fv5200 m.fl. Tunvegen–Jacob Kjødesveg gang og sykkelveg
17. Fv5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen
18. Fv5354 Arna–Garnes, Garnesvegen Bommane–Rasmusvegen
19. Fv558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk
20. Fv564 Salhusvegen, Ulsetstemma–Slettestølvegen
21. Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle
22. Fv582/Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft)
23. Fv585 Natlandsveien sør, Wier-Jensensvei–Nye Sædalsveien
24. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie–Rådal
25. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun–Fjøsanger
26. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstr. 4, Fjøsanger–Kristianborg
27. E39 Sykkeltamveg Bergen, delstr. 5, Fjøsanger/Solheimsgt.–Fabrikkgt.



# Satsingsområde: Gange og sykkel

## Handlingsplan for sykkel og handlingsplan for gange i Bergen kommune





# Satsingsområde: Gange og sykkel

Miljøløftet skal styrke konkurransekrafta til gåing og sykling, og gjere det meir attraktivt å vere mjuk trafikant i bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i gang- og sykkelveggar og andre tiltak som fremjar gåing og sykling.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Gjennomgangen inkluderer også nokre planprosjekt som har finansiering utanom Miljøløftet, men som det ligg an til at ein nyttar Miljøløftet-midlar til å byggje. Lista er sortert etter høvesvis kommune, prosjektstatus og alfabet. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

## Alver

### PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING Fv5476 Kvamsbrekko i Alver kommune

Prosjektet vil gje eit heilt nytt tilbod til mjuke trafikantar, samtidig som kollektivtrafikk og næringstransport vil komme seg lettare fram. Strekninga er svært trafikkarleg, og skal no få fortau og meir trafikksikre avkøyningar. Tiltaket starta opp i 2022, og skal etter planen stå ferdig sommaren 2023.

### PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen

Ein skal etablere ny, trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg med fortau og ny busshaldeplass på strekninga. Prosjekteringa var ferdig i 2023. Byggestart er planlagt hausten 2023, avhengig av løysing på grunnerv. v.

### PROSJEKT UNDER PLANLEGGING

#### Kulvertanlegget Knarvik

I heile 2022 vart det arbeidd med kulvertanlegget som går under den nye ovale rundkøyninga i Knarvik. Dette er eit større bekke-flyttingsprosjekt der det no blir bygd omfattande anlegg for gåande og syklande oppå.

## Askøy

### PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING Fv5254 Kleppevegen ved Myrane

Det skal etableres ny trafikksikker infrastruktur til Kleppestø barneskole, Kleppestø ungdomsskole,

Askøy videregående skole, Askøyhallen og Helsetunet. Tiltaket går ut på å stenge eksisterende avkjørsler, etablere en ny felles avkjørsel (rundkøyning) til området, etablere gang- og sykkelveg/fortau, ny bussholdeplass og "kiss and ride" for ungdomsskolen/videregående skole/idrettshallen. Prosjektering startet opp i 2021 og ble ferdig i 2022. Utlysning er ventet tidlig vår 2023.

### Kv1158 Kvernhusdalen gang- og sykkelveg

I 2022 er strekninga prosjektert og det er gjort grunnundersøkelser. Vanskelige grunnforhold gjer at prosjektet er noe forsinket og at en først får oppstart av anleggsarbeidet våren 2023.

### PROSJEKT UNDER PLANLEGGING

#### Oppfølging av sykkelstrategi

I juni 2022 ble Sykkelstrategi for Askøy kommune med handlingsdel vedtatt i kommunestyret. Tiltak i handlingsdelen er blant annet trygg sykkelparkering og utredning av mulighet for en elektrisk sykkelordning tilsvarende bysykler i Bergen, foreløpig kalt Askøysykkelen. Det er gjort forarbeid knyttet til utredning av mulige løysninger.

#### Planleggingsmidler Askøy kommune

Planleggingsmidlene til Askøy kommune brukes til utvikling av nye og oppfølging av prosjekter i vedtatt handlingsprogram, samt annet arbeid i Miljøløftet og arbeidsgruppe Vest. I 2022 ble det blant annet brukt midler på pilot for samkjøring, oppfølging av Trygg sykkelparkering, kollektivprioritering innfartsårer Bergen og kommunikasjonsarbeid.

Det er også gjort forarbeid med mobilitetsplan for Askøy og utredning knyttet til innfartsparkering og til sykkelordninga Askøysykkelen. Det er arbeidet med kollektivtilbud opp mot Skyss og med planlegging av utadrettet virksamhet som Sykle til jobben og den Europeiske mobilitetsuken. Det er også jobbet generelt med gange og sykkel i planleggingsarbeid i Askøy kommune.

## Bjørnafjorden

### PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING GS-løysing langs Nilsavegen

Prosjektet er del av Nilsavegen–Lepsøyvegen/Trolldalen. Prosjektet var ferdig i 2022.



**PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING****Fv552 Hatvikvegen trafikk sikker og attraktiv GS-løysing**

Langs Hatvikvegen skal det etablerast ei trafikk sikker og attraktiv gang- og sykkel løysing. Føremålet med prosjektet er å auke trafikk tryggleiken på vegen, som har ein kontinuerleg trafikk vekst. Prosjektering og grunnerverv har gått føre seg i 2022 og prosjekteringa var ferdig seint på året.

**PROSJEKT UNDER PLANLEGGING****Forstudie gang- og sykkelvei Lyseparken–Søfteland**

Forstudie vart gjennomført i 2022. Detaljregulering skal starte 2023.

**Øygarden****PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING****Kv1146 Kulvert Idrettsvegen**

Kontrakt vart tildelt vår 2022 og det vart starta bygging sommar 2022. Etter framdriftsplan skulle prosjektet ferdigstillast desember 2022, men dette er utsett til februar 2023.

**PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING****Kv1136 Sentrumsgate Grønmyrsvegen**

Prosjektet har vore under planlegging og det vart desember 2022 knytt til konsulent for detaljprosjektering. Framdrift er som planlagt i høve siste framdriftsplan.

**PROSJEKT UNDER PLANLEGGING****Bysyklar i regionsenteret**

Prosjektet er under planlegging, men ikkje påbegynt i 2022.

**Fv209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen**

Planarbeidet er utsett grunna gjennomføring av eit parallelloppdrag for regionsenter Straume, som vil gje føringar for det seinare planarbeidet. Delar av parallelloppdraget vil bli finansiert av planmidlane.

**Fv561 Ågotnes Miljøgate – plan**

Det er knytt konsulent til oppdraget og det er hausten 2022 gjort førebuaende arbeid inn mot varsel om planoppstart.

**Sykkelparkering i regionsenteret**

Tildelte midlar for 2022 vil bli brukt til utbetring av sykkelparkering på Brattholmen skule.

**Bergen****PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING****Bysykkellordning**

Bysykkellordningen ble innført sommeren 2018 og er et viktig strategisk virkemiddel for økt sykling og økt

flexibilitet i kollektivtilbudet. Tilbudet finansieres med bidrag fra Bergen kommune, Miljøløftet, brukerbetaling og sponsorat.

**E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum**

Prosjektering og bygging av sykkelveg med fortau. Arbeidet har blitt utført av Bybanen Utbygging på vegne av Statens vegvesen. Delstrekningen D12 mellom ADO-arena og Fløen, samt området ved Kronstad stasjon ble ferdigstilt. Det ble også delstrekning D14 sør for Minde Allé til Kristianborg, samt restarbeider på kulvert under Minde Allé. Det var full drift på D18 sykkel- og gangtunnel Kronstad tunnelen, som skal ferdigstilles våren 2023. Arbeider på elektrokontrakt D45, hvor strekningen ADO-arena til Fløen ble ferdigstilt i 2022.

**Fremkommelighetstiltak sykkel**

Det er i 2022 rødmerket eksisterende sykkel felt i følgende kommunale gater:

- Jonas Reins gate, ensidig: ca. 100 m
- Hans Hauges gate, ensidig: ca. 50 m
- Kokstadflaten, tosidig: ca. 350 m
- Nylundsveien, ensidig: ca. 22 m
- Ellerhusensvei, ensidig: ca. 107 m
- Åsane senter (mot Vestlandshallen), tosidig: ca. 240 m

**Fv. 582 Carl Konows gate, Gyldenpriskrysset–Fyllingsveien, sykkel felt**

Sykkel felt på strekningen Gyldenpriskrysset–Fyllingsveien, kollektiv felt i Gyldenpriskrysset, og fortau i Fyllingsveien på strekningen Carl Konows gate–Gabriel Tischendorfs vei ble ferdigstilt og åpnet for trafikk i 2022.

**Fv5200 Infrastruktur Paradis – Gang- og sykkelveg med bro Paradis**

Som ledd i den fortettende utbyggingen av området skal eksisterende infrastruktur justeres og utvides for å legge til rette for gode og trafikk sikre løsninger som bygger opp under nullvekstmålet. Gang- og sykkel tilbudet fra Statsminister Michelsens veg til Tunvegen oppgraderes og det etableres en ny forbindelse for myke trafikanter mellom Tunvegen og Jacob Kjødsvog.

Det bygges en ny 40 m lang gang- og sykkelbru av kompositt over Nesttunveien og bybanesporet. Dette bedrer fremkommeligheten for myke trafikanter i området, men letter også tilkomst til bybanen og kollektivtilbudet. Bussholdeplasser ved Paradis skole blir oppgradert. Tiltaket ble lyst ut årsskiftet 2020/2021 og startet opp vinteren 2021.



### Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg

Strekningen fra Alvøen til Myraskjenet innbefatter etablering av gang- og sykkelveg, bussholdeplasser, samt mindre oppgradering av kjørevegen for å bedre fremkommelighet for kollektivtrafikken. Tiltaket ble prosjektert i 2021, lyst ut våren 2022 og startet opp i august 2022.

### Fv5358 Fyllingsveien, fortau og fremkommelighet kollektiv

Fyllingsveien er utbedret med to kjørefelt og fortau og har fått et godt og trafikksikkert tilbud for gående og syklende som ferdes på strekningen. Tiltaket har også bidratt til at busser kan møtes på strekningen. Hovedarbeidet i Fyllingsveien startet opp i november 2020, og ble åpnet våren 2022.

### Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen B4

Totalt er det 11,8 kilometer nye sykkelveger som blir bygd i forbindelse med byggetrinn 4. Ved utgangen av 2022 var 7,7 kilometer sykkelveger åpnet for publikum. I mai 2022 åpnet det nye parkområdet med nye gangveger ved Solheimsvannet. I november 2022 kunne de første gående og syklende bruke gang- og sykkelbroen ved Fløen. I desember 2022 åpnet 400 meter sykkelstamveg mellom Kanalvegen og Kronstad holdeplass. I 2022 er det åpnet nye gang- og sykkelveger knyttet til alle holdeplassene langs Bybanetraseen, med unntak av Kristianborg i retning Løbergslie.

### Gangveg til kollektivtraseer

Tiltakene er finansiert av både Miljøløftet og Bergen kommune. Det ble i 2022 brukt 23,3 millioner kroner på gjennomføring av gangetiltak i flere bydeler:

- I Indre Arna er det rustet opp og bygd nye tverrforbindelser. Jernbanestasjonen i Indre Arna er et viktig mål for gående, og disse tverrforbindelsene gjør det enklere og raskere å kombinere gange og kollektiv.
- I Loddefjord er det oppgradert sju gangetiltak hvorav ett er i samarbeid med Barnas byrom. Det er etablert bedre og tryggere gangveger for skolebarn tilknyttet Loddefjord skole.
- Ti tiltak er i prosjekteringsfasen. Disse fordeler seg på bydelene Loddefjord, Laksevåg, Årstad og Bønes. I tillegg arbeides det med å få på plass grunnavtaler for 25 tiltak fordelt på flere bydeler.

### Hjellestadvegen

Ny gang- og sykkelveg og opprusting av Hjellestadvegen på strekningen fra Blomsterdalen til Ådland bro. Prosjektet vil bidra til å gjøre det mer attraktivt å gå og sykle på Hjellestad, samtidig som opprusting av

vegen vil gi bedre fremkommelighet for kollektiv og øvrig transport. Prosjektet startet i 2017 og skulle ha vært ferdig i 2019, men er dessverre blitt forsinket. Det har pågått dialog med entreprenør for å finne løsninger på fremdriftsutfordringene. I 2022 ble avsluttende arbeider lyst ut på nytt.

### Oppfølging av handlingsplan for sykkelsetning i Bergen kommune

Bergens sykkelstrategi ble vedtatt i 2020, med påfølgende handlingsplan i 2021. Tidshorisonten for planen er fire år, men med et blikk fram mot 2030. I handlingsplanen for 2021-2024 er det lagt spesielt vekt på fysiske tiltak, som tilrettelegging av infrastruktur, sykkelparkering og dekkefornying.

I 2022 ble det arbeidet med 35 større og mindre sykkeltiltak i bydelene Arna, Bergenhus, Fana, Fyllingsdalen, Laksevåg, Årstad og Åsane. Størrelsen på tiltakene spenner fra oppmerking og synliggjøring, til større infrastrukturoppgraderinger som f.eks. sykkelveg med fortau. Noen strekninger må reguleres og det pågikk tre reguleringsplaner i 2022. I tillegg til infrastruktur er det også arbeidet med utplassering av nye sykkelstativer. Totalt ble det etablert over 180 nye sykkelparkeringsplasser i Bergen i 2022.

Prosjektene listet opp under var ferdige eller under bygging i 2022 og ble helt eller delvis finansiert av budsjettposten i 2022:

- **GS-veg mellom Kronstad bybanestopp og St. Halvards vei:** Sykkelveg med fortau er etablert ved Høgskolen på Vestlandet, som binder sammen Nymark og den nye sykkelvegen langs Bybanelinje 2 ved holdeplass Kronstad.
- **Krohnengsgaten:** Utbedring av fortau og etablering av nye sykkelstativ.
- **Lyngfaret:** Etablering av fortau fra skole til idretts-hall. Syklende prioriteres ved eget areal hvor det samtidig forekommer innsnevring i kjørebane. Det legges opp til sykling i blandet trafikk ved bruk av delesymboler.
- **Åsane og Årstad:** Samling av flere mindre tiltak som bedrer forholdene for gående og syklende. Herav utvidelse av eksisterende GS-veger, separering av gående og syklende, sykkelpassasje.

### Sykelbyen Bergen

Bergen er en del av det nasjonale «Sykkelbynettverket», og målet er å øke sykkelandelen ved mer bruk av myke virkemidler som kampanjer, markeringer og arrangementer, samt bruk av sosiale medier. Kommunikasjon gjennom Facebook med 9600 følgere er primærkanalen i tillegg til Instagram med 1500 følgere.



Hovedaktiviteter har vært Sykle til jobben kampanjen og informasjon om ny tiltak for syklende som sykkelparkering, sykkelbuss og sykkelveier. Sykkelbyen Bergen gjennom Bymiljøetaten i Bergen kommune er del av et EU-prosjektet «Active Cities» som startet i 2022 og skal vare til 2026. Prosjektet skal fremme økt bruk av sykkel, gange, kollektiv og delemobilitet gjennom ulike tiltak og kampanjer. Bergen sitt mål er å øke bruken av den nye sykkelveien Fra Fyllingsdalen til sentrum.

### Sykkelskap i Bergen sentrum

Sykkelskapene er låsbare og gir bergenserne et trygt sted å parkere sykkelen midt i byen. I 2022 ble det utplassert sykkelbuss på ytterligere to lokasjoner: Bergen Rådhus og ved Fyllingsdalen kollektivterminal i regi av fylkeskommunen. Skapene på Bystasjonen er de mest brukte i landet som har denne type løsning.

### Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune – bygging

Bergens første handlingsplan for gange ble vedtatt i februar 2022: Handlingsplan gange 2022-2025 Kommunale ansvarsområder. Denne skal følge opp Gåstrategi for Bergen 2020–2030. Handlingsplanen følger opp de seks innsatsområdene i gåstrategien: arealbruk, målrettet offentlig innsats i gangnettet, samspill i trafikken, drift og vedlikehold, kunnskapsutvikling, og gåkultur og kommunikasjon. Tiltakene baserer seg på gangekartlegginger utført av Plan- og bygningsetaten og ligger i hovedsak i Loddefjord, Laksevåg, Fyllingsdalen og Åsane.

#### PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING

### E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold

Det skal etableres sykkelveg med fortau. Det har i 2022 blitt arbeidet med detaljprosjektering.

### E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6b, Bradbenken–Sandvikstorget

Det skal etableres separat sykkelveg i en nøktern utførelse etter avklaringer i Miljøløftet. Ny revidert detaljprosjektering ble gjennomført i 2021–2022.

### E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6c, Sandvikstorget–Glass Knag

Det har i 2022 pågått detaljprosjektering av sykkelstamveg Bergen strekningen Fv. 585 Sandvikstorget–Glass Knag i Sandviken. De trafikale løsningene skal forbedres for gående, syklende og for kollektivtrafikken. Dermed vil sykkelveg, fortau og kollektivfelt bli prioritert. Som del av prosjektet skal også Gjensidigekrysset signalreguleres for å øke trafikksikkerheten.

Prosjektet gjennomføres sammen med delstrekning 6b fra Bradbenken til Sandvikstorget.

### Fremkommelighetstiltak sykkel (enklere tiltak, farge sykkelfelt, merkning mm)

I 2022 pågikk det arbeid med avklaring av mindre fremkommelighetstiltak for realisering i 2023, blant annet korrigerende tiltak, merking etc. i Salhusveien og i Kringsjøvegen.

### Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer

Tiltaket omfatter oppgradering av gata mellom Birkeveien og Vilhelm Bjerknes vei. Ulike løysingar for å betre situasjonen for mjuke trafikantar blir vurdert. Tiltaket føreset fjerning av gateparkering. Alternative fartsreducerande tiltak blir vurdert for å unngå køyring i sykkelfelt. Tiltaket inkluderer oppgradering av haldeplassar og oppstramming av kryss. Tiltaket skal gi eit meir attraktivt og trafikksikkert tilbod til syklende, samstundes som det gir betre trafikksikkerheit for alle trafikantgrupper. Tiltaket blir koordinert med komandert arbeid med uteområdet og etablering av «kiss & ride» ved Langhaugen vidaregåande skule. Prosjektering starta i 2022.

### Fv540 Allestadvegen–Skarphaugen

På strekningen fra Allestadvegen til Skarphaugen i Fyllingsdalen videreføres eksisterende sykkelveg med fortau langs nyetablert kollektivfelt fra Kroatjønneveien til Foto Knudsen. Tiltaket er prosjektert i 2021/2022.

### Fv585 Straksløsning for sykkel på strekningen Christies gate–Bradbenken

I prosjektet blir det anbefalt en midlertidig sykkeltrasé gjennom sentrum, frem til strekningen skal opprustes som del av bybaneprosjektet til Åsane. Dette er en kompleks oppgave på grunn av svært begrenset plass/areal, og det har ikke vært mulig finne en fullverdig løsning. I 2022 har det pågått prosjektering, og det har vært dialog mellom kommunen og berørte parter.

### Oppfølging av handlingsplan for sykkelsetning i Bergen kommune

*Les meir om handlingsplan for sykkelsetning i Bergen kommune under same overskrift lengre oppe i kapittelet.*

Prosjektene listet opp under var under prosjektering i 2022 og ble helt eller delvis finansiert av budsjettposten i 2022:

- **Benshaugen:** Utvidelse av eksisterende GS-veg/fortau.
- **Dokkeveien:** Omklassifisering av kjøreveg/gateparkering til sykkelveg med fortau og beplantning i gatesnittet.

- **Gabriel Tischendorfs vei:** Sykkelpassasje i enden av Gabriel Tischendorfs vei mot Frydenbølien.
- **Kronstadhøyden:** Pilotprosjekt for sykkelprioritert gate i Klaus Hanssens vei gjennomføres i 2023. Forprosjekt for hele Kronstadhøyden gjennomført.
- **Lakslia:** Omklassifisering av kjøreveg til GS-veg i Lakslia.
- **Løbergsveien:** Tilrettelegging for sykkel i Løbergsveien. Det endelige tiltaket er ikke bestemt, men foreløpig innføring av delesymboler og oppstramming av kryss/avkjørslar er under detaljprosjektering.
- **Nonnekloppen til Florida:** Sykkelveg med fortau på siste strekket fra Nonnekloppen til Florida. Inne-bærer også kaianlegg.
- **Olaf Ryes veg:** Sykkelveg med fortau langs eksisterende trikkelinje hvor det er gjennomkjøringsforbud. Det etableres sykkelfelt i en retning Strømgaten via Harald Hårfagres vei.
- **Rasmus Meyers Alle:** Justering av sving i sykkelveg ved gangfelt i Rasmus Meyers Alle. Prosjektet avsluttes våren 2023.

#### PROSJEKT UNDER PLANLEGGING

##### **Forprosjekt/mogleighetsstudie Arna–Midtun**

Forprosjektet var i all hovudsak ferdig i 2021, men nokre vurderingar har gått føre seg inn i 2022.

##### **Fv5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset–Krabbedalen**

Det blir utarbeidd reguleringsplan for eit samanhengande gang- og sykkeltilbod langs Kjøkkelvikveien, Kjøkkelvik skule–Fæsterhuset. Det blir lagt til rette for etablering av eit samanhengande og trafikksikkert tilbod for gåande, syklande og kollektivtrafikken, m.a. sikrare skuleveg, og tiltak i skuleområde (løysingar for kryssing av fylkesveg mm.). Tiltaket vil òg betre trafikktryggleiken for annan køyretrafikk. Realisering av tiltaket kan samanfalle i tid med etablering av permanent vassforsyning frå Bergen til Askøy, som er delvis på same strekninga. Status: Utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse har gått føre seg fram til hausten 2022.

##### **Fv5200 m.fl. Tunvegen–Jacob Kjødesveg gang og sykkelveg**

Detaljplan for Tunvegen – Jacob Kjødes veg skal sikre at samferdselsmåla til det fyrste byggetrinnet i områdeplanen for Paradis blir mogleg å gjennomføre. I anleggsfasen er det behov for meir areal enn områdeplanen (planID60760000) sitt regulerte samferdselsareal. Det skuldast omlegging av infrastruktur, nye gater, fortau, gang- og sykkelveg og nye leidningar til vatn- og avløp, samt overvatn. Status: Planutkast har vore på 2. gongs avgrensa høyring.

##### **Fv5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen**

Tiltaket gjeld utarbeiding av reguleringsplan for etablering av oppgradert sykkelanlegg mellom Åsane terminal og Haukedalen skole. Hesthaugveien ved krysset til Midtkleiva er eitt av 20 ulukkespunkt i Bergen, og det skal mellom anna etablerast venstresvingefelt. Dette vil òg gi kollektivtrafikken meir føreseieleg og effektiv framkome, samt sikre kryssande fotgjengarar over Hesthaugveien. Planinitiativ med enkel stadanalyse var utarbeida i 2022 og oversendt kommunen i desember.

##### **Fv5354 Arna–Garnes, Garnesvegen Bommane–Rasmusvegen**

Det skal leggjast til rette for betre framkome og trafikktryggleik for gåande og syklande langs fv. 5354 Garnesvegen, frå rundkøyringa «Bommane» i Indre Arna til Garnes. Det manglar gang- og sykkeltilbod på store delar av strekninga som er skuleveg. Vestland fylkeskommune overtok planen frå Statens vegvesen i 2021. Gjennomgang av planforslag/forprosjekt vart ferdig i 2022. Det er behov for å melde oppstart av reguleringsplan på nytt.

##### **Fv558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark**

Tiltaket gjeld regulering av ny kryssløysing ved Tennebekk næringsområde. Det er trong for kanalisering og betre tilhøve for mjuke trafikantar og auka trafikkikkerheit i kryss/avkøyrslar ved næringsområdet. Dette er eitt av ulukkespunkt i Bergen, der det har skjedd alvorleg sykkelulukke. Forbetring av dagens løysing vil betre framkome for syklande, gåande, kollektivtrafikk og i større grad sikre fotgjengarar som kryssar avkøyrsla ved dette punktet. Status: Grunnboringar er utført. Det var oppstartsmøte i februar 2021 og vedtak om formell planoppstart august 2021. Silingsrapport er utarbeidd.

##### **Fv564 Salhusvegen, Ulsetstemma–Slettestølvegen**

Tiltaket er reguleringsplan for ny sykkelveg med fortau langs Fv. 564/5300 Salhusvegen mellom Ulsetstemma og Slettestølsvegen. Strekninga manglar tilbod i dag. Prosjektet vidarefører gang- og sykkelvegprosjektet på søraustleg del av Salhusvegen, som er ferdig etablert. Eksisterande køyreveg med tilhøyrande kryss, avkøyrslar og haldeplassar skal òg utbetrast. Status: Planen starta formelt november 2018 og planutkast var oversendt Bergen kommune oktober 2021. Det vart fatta vedtak om utlegging til offentleg ettersyn juni 2022.

##### **Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle**

Reguleringsplan for etablering av eit trafikksikkert tilbod for gåande og syklande. Tiltaket vil òg betre tilhøva for kollektivreisande og kan bidra til å auke



kollektivdelen. Det vert planlagt sykkelveg med oppgraderte fortau, haldeplassar og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar på strekninga frå Hagerups vei til Wergeland. Tiltaket inneber òg at vegbane/rundkøyring/forholda for køyrande mv. vert utbetra. Status: Planforslag vart oversendt kommunen januar 2021. Det blei fatta vedtak om utlegg til offentleg ettersyn juni 2022. Offentleg ettersyn 28.8–11.10.2022.

### Fv582/Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg

Planen skal legge til rette for å etablere eit attraktivt tilbud til mjuke trafikantar. Storetveitvegen blir verande i same trase som i dag. Tiltaket vil gi god samanheng med sykkelveg som er under planlegging vidare nordover mot Mindemyren. Status: Planforslaget vart oversendt kommunen desember 2019 og var på høyring hausten 2021. Merknader vart handsama i 2022. Planforslaget må justerast før endeleg slutthandsaming.

### Fv585 Natlandsveien sør, WierJenssensvei–Nye Sædalsveien

Prosjektet inneber oppgradering av fv. 585 Natlandsveien frå Hagerups vei til Birkelundstoppen, ei strekning med høg trafikk. Strekninga inngår i prioritert sykkelnett i Bergen kommune og er ei viktig lenke i vegnettet både for syklande, gåande og kollektiv, men kor tilbodet til mjuke trafikantar er svært variabelt og mangelfullt. Reguleringsplanarbeidet vil omfatte oppgradering av heile gata, med sykkelfelt, fortau og mogleg kollektivfelt inn mot Hagerups vei. Status: Forprosjekt vart gjennomført i 2021 som grunnlag for vidare regulering. Det har blitt gjort arbeid med enkel stadanalyse og planinitiativ i 2022.

### Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune

*Les meir om handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune under same overskrift lengre oppe i kapittelet.*

Prosjektene listet opp under var under planlegging i 2022 og ble helt eller delvis finansiert av budsjettposten i 2022:

- **Damsgård-Småpudden:** Tilrettelegging for sykkel på Damsgård fra Gabriel Tishendorfs vei til Michael Krohns gate. Det er pågående detaljregulering.
- **Fyllingsdalen:** Forprosjekt avsluttet. Det legges opp til regulering av Nebbestølen m.fl. fra Nebbeveien til Oasen kjøpesenter.
- **Haakon Sheteligts plass:** Forprosjekt pågikk i 2022. Strekingen skal sees i sammenheng med pågående regulering i nærområdet.
- **Krohnåsvegen:** Detaljregulering av fortau langs Krohnåsvegen og Bjørnevegen. Sykling i blandet

trafikk/sykkelveg.

- **Littleåsvegen:** Tilrettelegging for sykkel mellom Liamyrane i vest og Liavegen i øst. Det er i løpet av 2022 vist behov for detaljregulering. Reguleringsarbeidet vil starte opp i 2023.
- **Nymark øst:** Planlegger pilot for sykkelprioritert gate. Forprosjekt ferdigstilt. Detaljprosjektet starter opp i 2023.
- **Wiers-Jenssens vei:** Detaljregulering for å tilrettelegge for sykkel mellom Nattlandsveien i øst og Hagerups vei i vest. Inkluderer Vilhelm Bjerknæs vei.

### Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune – plan

Bergen kommune har ti tiltak som var i planfase i 2022. Disse fordeler seg på bydelene Loddefjord, Laksevåg, Årstad og Bønes. I tillegg arbeides det med å få på plass grunnavtaler for 25 tiltak fordelt på flere bydeler.

### Trafikkplan sentrum

Sentrumsgruppen i Miljøløftet har utarbeidet Trafikkplan sentrum, som er en overordnet temaplan for trafikksystemet i det sentrale byområdet på lang sikt. Formålet med Trafikkplan sentrum er å danne grunnlaget for en full trafikkavlastning i den indre bykjernen, og med dette bidra til å nå de overordnede målene om prioritering av kollektiv, sykkel og gange, samt å skape et livskraftig og attraktivt bymiljø i Bergen sentrum. Den inneholder også forslag til konkrete tiltak knyttet til trafikkløsninger når bybanen til Åsane og forlenget Fløyfjellstunnel står ferdig. Arbeidet med Trafikkplan sentrum ble startet opp mot slutten av 2018. Hovedaktiviteten i 2022 har vært å ferdigstille sluttrapport, med anbefalte løsninger samt anbefalinger knyttet til videre behandling og detaljering av avbøtende tiltak.

### E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Fjøsanger/Solheimsgaten-Fabrikkgaten

Delstrekningen binder sammen sykkelstamvegen over Mindemyren med eksisterende tilbud langs Solheimsgaten på vestsiden av E39. Tiltaket består av kryssing av E39 i plan med prioritering for syklende. Lengden er ca. 400 m langs E39 Fjøsangervegen. Endring av løsning har medført behov for ny oppstart av offentlig detaljreguleringsplan, gjennomført høst 2022, parallelt med pågående planarbeid. Planarbeidet inkluderer også en strekning på ca. 100 m langs fv. 5328 Fabrikkgaten. I utførelsesfasen planlegges det for at riksvegtilbudet langs E39 bygges først.

**E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie–Rådal**

Parsellen er 1,7 km, og går langs Rv. 580 Flyplassvegen fra Skeie til Rådal. Prosjektet vil binde sammen Kokstad og Sandsli med bydelscenteret Lagunen. Da prosjektet ikke ble prioritert i rulleplanen av Miljøloftets handlingsprogram våren 2022 ble det valgt å ferdigstille reguleringsplanen, men samtidig se på kostnadsbesparende tiltak og mulighet for inndeling i byggetrinn. I 2022 er det gjennomført befaring med byantikvar og fylkeskonservator for å finne best mulig løsning for utvidelse av Osbanen, som ligger i hensynssone for kulturminner. Planarbeidet i 2022 vil gi et godt grunnlag for gjennomføring av kostnadsanslag og gi en god vurdering av gjennomførbarheten av tiltaket.

**E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun–Fjøsanger**

Strekningen er 4,3 km lang og følger Vossabanen fra Skjolddskiftet på Nesttun til Gamlehaugen på Fjøsanger. Prosjektet vil bedre trafiksikkerheten på strekningen ved å skille gående og syklende, og på den måten gi syklende bedre fremkommelighet. Reguleringsplanforslaget ble oversendt Bergen kommune i oktober 2020, og lagt ut på høring og offentlig ettersyn i oktober 2022, etter vedtak i Bergen kommune i juni 2022.

**E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger–Kristianborg**

Tiltaket består i oppgradering av dagens delvis manglende tilbud fra Gamlehaugen på Fjøsanger til Kristianborg Bybanestopp. Dagens tilbud har flere ulykkesutsatte punkt med mange konflikter mellom gående, syklende og bilister i bolig-gater. Strekningen er 1,7 km, og binder sammen tilbudet sørover fra sentrum mot Kristianborg som åpnes 15. april 2023 med strekningen fra Fjøsanger mot Nesttun og Rådal. Planarbeidet pågår. Det ble levert utkast til silingsrapport i juni 2021. Etter motatte uttaler til silingsrapporten ble det i 2022 besluttet å gå videre med planlegging av midlertidig løsning i den søndre delen mellom Gamlehaugen og Kristianborgvannet i påvente av planavklaring for Ringveg øst, og fullverdig løsning i den nordre delen mellom Kristianborgvannet og bybanestoppet på Kristianborg.





Nytt underjordisk bybanestopp under Haukeland sjukehus. Foto: Iver Daaland Åse



Ny Innfartsparkering etablert ved Lyseparken i Bjørnafjorden kommune i samband med opning av ny E39 mellom Sveгатjørn og Rådal. Foto: Bjørnafjorden kommune



Ny kollektivterminal for buss og bane i Fyllingsdalen. Foto: Iver Daaland Åse




Første testkjøring av Bybanen til Fyllingsdalen fann stad i august 2022, her frå Mindemyren. Foto: Iver Daaland Åse



Oppgradert haldeplass i Gyldenpriskrysset. Foto: Anders Kjetland



# Satsingsområde: Kollektiv





# Satsingsområde: Kollektiv

Miljøløftet jobbar for at det skal bli meir attraktivt å reise kollektivt i bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i kollektiv infrastruktur, tilskot til drift av kollektivtransport og andre tiltak som fremjar kollektivbruk.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Alle tiltaka er geografisk plassert i Bergen kommune. Lista er sortert etter høvesvis prosjektstatus og alfabet. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

## PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING

### Bybanen til Fyllingsdalen, byggetrinn 4

Bybanen linje 2 blei som planlagt opna for passasjerar 21. november 2022. På 16 minutt er Fyllingsdalen no knytt til sentrum via Haukeland sjukehus. Med åtte nye haldeplassar og ein tversgåande kollektivakse bind Bybanen bydelar og nabolag saman på ein ny måte og gjer reisekvardagen enklare for dei kollektivreisande.

Bybanen blei formelt overlevert frå Bybanen Utbygging til Bybanen AS 18. november med høgtideleg markering av samferdsleminister Jon-Ivar Nygård, fylkesordførar Jon Askeland og ordførar i Bergen kommune, Linn Kristin Engø.

Frå byggjestart i mai 2017 til opning av linje 2 i november 2022 har over 20 entreprenørar frå meir enn seks land vore på jobb med å bygge Bybanen. Byggetrinnet har vore omfattande og har kravd 3,7 millionar arbeidstimar.

Sjølv om suksessen til bybanen er knytt til opne og tilgjengelege haldeplassar i dagen, er den underjordiske haldeplassen Haukeland Sjukehus eit komplekst, flott og funksjonelt byggverk som har hatt eit særskilt fokus på å bringe naturleg lys ned på haldeplassen. Kunst på haldeplassen bidreg til den gode reisa for passasjerane.

Bybanen er det viktigaste kollektivtiltaket i Bergen for å bidra til nullvekst i biltrafikken. Grønare bybane har og vore ein sentral del av tankesettet i utbyggingsfasen. Grunnentreprisane har ved opninga av Bybanen i 2022 levert 96 prosent fossilfri anleggsplass. Mellom anna gjennom ei strategisk satsing på klimasatsmidlar

og samarbeid med entreprenørane om elektrifisering av dei store anleggsmaskinane, har bybaneprojektet ved opning i 2022 spart om lag 91 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar under hele utbyggingsprosjektet – det svarer til eitt års utslepp frå ca. 35 000 fossile bilar.

Les meir om byggjereisa frå sentrum til Fyllingsdalen på nettsida som vart laga i samband med opninga av Bybanen linje 2 ([www.bybanenlinje2.no](http://www.bybanenlinje2.no)).

### Fv558 Trolleybuslinje til Laksevåg

Trolleybuslinje 6 blei sett i drift ved ruteomlegginga i mai 2021. I 2022 blei den siste delen av infrastruktur med trolleybusmaster og køyreleidning på strekninga Damsgård–Puddefjordsbroen gjort ferdig. Trolleybusanlegget blei overlevert til Bybanen AS 7. april 2022.

### Fyllingsdalen terminal

Som ein del av bybaneprojektet byggetrinn 4, er det bygt ein ny kollektivterminal i Fyllingsdalen. Terminalen vart opna 29. august 2022.

### Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak

Det gjøres tiltak i kollektivtraseer, hovudsaklig etter strekningsvise utredningar. Tiltakene bedrer ofte fremkommelighet og øker trafikksikkerheten knyttet til kollektivtransporten. Det vil også være tiltak for universell utforming, samt tiltak som gjør det mer attraktivt å reise kollektivt. I 2022 har tiltak for å bedre kapasiteten ved Lagunen terminal blitt realisert. Kollektivterminalen har fått fire reguleringsplasser til bruk for operatørselskapet, noe som forenkler gjennomføring av ruteplanen. Den økte bredden på kjøreområdet gir mulighet for at busser kan parkere langs vestlig kantsteinslinje, og sikrer passering for busser i senter av kjørearealet.

Ut over dette har prosjektering av mindre fremkommelighetstiltak i Eidsvågvegen pågått. Dette tiltaket vil skilte vekk parkering etc. fjerning av bergnabber, siktutbedring, etablering av møteplasser, etc.

### Oppgradering holdeplasser

Under denne posten gjøres tiltak for å oppgradere holdeplasser etter strekningsvise utredningar. I 2022 har 14 holdeplasser blitt oppgradert/ etablert på strekningen Fv. 5210 Olsvikskjenet–Olsvikveien–Leirvikveien. Oppgradering av holdeplasser hever standarden på



kollektivtrafikken, gir tilgjengelighet for alle (universell utforming), styrker trafikksikkerheten og gir en mer effektiv inn- og utkjøring for busstrafikken.

### Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter, bybanen og trolleybuss

Det er gjennomført større og mindre tiltak for å oppgradere infrastrukturen til bybane og trolleybuss.

Bybanen har oppgradert:

- overgangskurver på Bybanen sitt spor
- system for deteksjon av personar i tunnelar
- kameraovervakingsystem (CCTV)
- brannmur for Bybanen sine overvakingsssystem
- vogner med system for måling av infrastruktur
- målesystem for hjulprofil
- infotainmentsystem i vognene

På trolley er det gjort førebuaende arbeid for utskifting av master i 2023.

### PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING

#### Oppgradering holdeplasser

Under denne posten gjøres tiltak for å oppgradere holdeplasser etter strekningsvise utredninger. I 2022 har strekningen Sædalen, Birkelundstoppen–Midtun–Nesttun vært under prosjektering. For strekningene Nordås–Søråshøgda og Elveneset–Ulsmågvegen ble prosjektering initiert sent i 2022.

### PROSJEKT UNDER PLANLEGGING

#### Bybanen til Åsane, byggetrinn 5

I 2022 ble det arbeidet videre med reguleringsplan for Bybanen byggetrinn 5 (BT5) til Åsane. Bybanetraséen fra Kaigaten i sentrum til Vågsbotn i Åsane er ca. 12,7 km lang, og vil få 14 holdeplasser.

Bybanen til Åsane skal være hovedstammen i kollektivsystemet mot Bergen nord, og gi kvalitet og konkurransekraft til bydelens kollektivtilbud. Det planlegges også for en sammenhengende sykkeløsning på strekningen, parallelt med planarbeidet for Bybanen.

Høsten 2022 ble planforslaget lagt ut til offentlig ettersyn, med høringsfrist i desember. Etter planen skal det reviderte planforslaget foreligge innen utgangen av mars 2023, slik at endelig vedtak av planen kan gjøres innen sommer 2023.

Planlegging av BT5 finansieres primært med bompenger. Kommuneinterne plankostnader dekkes delvis med overføringer fra Vestland fylkeskommune (gjennom Miljøløftet), og av Bergen kommune.

#### Fv5170 Kollektivfelt Sandslivegen

Kollektivfeltet frå haldeplass Eldsbakkane i Fv 5170

Sandslivegen til Fv 5186 Dolvikvegen skal gjere busstrafikken på strekninga meir føreseieleg og gi betre framkome. Dette vil også vere gunstig inn mot Dolviken terminal, der mange reisande skal bytte buss. Der er ca. 14 avgangar i makstimen, og køyretidsmålingane viser at det er størst forseinkingar i morgonrushet.

Forprosjektet var ferdig ultimo 2022. Utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse vil halde fram mot formell planoppstart.

#### Fv5174 Kokstadvegen, sykkel og kollektivfelt

Busstrafikken har i dag store framkomeproblem i Kokstadvegen. Kollektivfelt på strekninga vil betre framkome for bussane og vesentleg styrke konkurransekrafta mot bil, samanlikna med dagens situasjon. Det er i dag om lag seks avgangar per time. Gåande og syklande har eit tilbod i form av fortau, men manglar separering. Det er venta stor utbygging i området.

Det har gått føre seg førebuaende arbeid for reguleringsplan i 2022. Dette vil halde fram i 2023. Det er venta å starte arbeid med reguleringsplan hausten 2023.

#### KDP for kollektivtransport Bergen sentrum–Bergen vest

Arbeidet med kommunedelplan for kollektivsystem Vest (KDP Vest) i regi av Miljøløftet pågår. Forslag til Kollektivplan anbefaler et kollektivsystem mot vest der tre korridorer betjenes med buss, og to med bane. Planen er levert til politisk behandling med sikte på offentlig ettersyn våren 2023. Det jobbes videre med en konsekvensutredning for korridorene som er anbefalt med bybane, som grunnlag for videre arealplan. Konsekvensutredningen ventes ferdigstilt i løpet av våren 2023. Planarbeidet har betydning for utvikling av områdene Loddefjord, Laksevåg og Dokken i Bergen.

#### Mobilitetsrådgiver

Lønnsutgifter til mobilitetsrådgiver. I 2022 ble stillingen benyttet til arbeid med regulering av mikromobilitet, mobilpunkt, MUST, m.v.

#### Styrka kollektivtilbod

Belønningsmidlane til drift av kollektiv vert i hovudsak nytta til trafikk- og mobilitetsplanar for å styrke rutetilbodet og gje fleire reisemoglegheiter i det samla mobilitetssystemet.

Strategi for berekraftig mobilitet inngår i RTP-Vestland, og var vedteke i fylkestinget desember 2021. Strategien gir føringar for korleis Skyss skal vidareutvikle mobilitetssystemet i heile Vestland. Rygggraden i eit



berekraftig mobilitetssystem er den faste rutegående kollektivtransporten, og strategien byggjer på tidlegare kollektivstrategi om å byggje nettverk av linjer med høg frekvens i område med høg etterspurnad. På denne måten oppnår vi ein nettverkseffekt, ved at reisane enkelt kan ta seg fram på kryss og tvers i linjenettet gjennom effektive byte mellom transportmiddel.

Då Bybanen si linje 2 mellom Kaigaten og Fyllingsdalen opna i november, fall fleire brikker på plass i det store nettverket av transporttilbod i Bergen og omland. I tillegg til å gje ein ny reiseveg mellom Fyllingsdalen og Bergensdalen, gjer den nye bybanelinja det lettare å reise kollektivt til Haukeland universitetssjukehus og området rundt. Saman med busslinjene 5, 6, 12 og 16E gjer den også Haukeland sjukehus til eit endå meir sentralt knutepunkt for dei som reiser kollektivt.

Også andre haldeplassar er viktige knutepunkt etter opninga av linje 2: Fyllingsdalen terminal, Kristianborg, Kronstad, Bergen busstasjon, og ikkje minst sentrumshaldeplassane Byparken og Kaigaten. Med fleire bytemoglegheiter mellom linjer med høg frekvens kan omlag 8000 fleire innbyggjarar nyte godt av nettverkseffekten, med avgangar kvart 10. minutt.

I 2022 vart det også gjennomført ei større omlegging av tilbodet i Bjørnafjorden og Bergen sør, i samband med opninga ny E39. Den nye linje 600 som køyrer E39 via Lagunen er ei ny og effektiv hovudlinje, samstundes som det lokale rutetilbodet har blitt tilpassa både linje 600 og den nye bybanelinja. Tilbodet frå Eikelandsosen til Os har også blitt styrka. Årleg driftskostnad for nye linje 600 er rundt 7 MNOK. Den har også vore ein suksess, og til tider har det vore trangt på bussen i rushtid. Difor vert tilbodet ytterlegare styrka frå mars 2023.

Skyss har dialog med byvekstavtalekommunane om reisebehov og moglege tiltak i samband med årlege ruteendringar. 2022 vart belønningmidlar nytta til å styrka rutetilbodet utanom rush på fleire strekningar i Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden, med iverksetting frå 15. august. Til saman har desse ein årleg driftskostnad på rundt 5 MNOK.


### Investeringar på jernbane

I 2022 fortsatte arbeidet med dobbeltsporet mellom Bergen og Arna. Ny Ulrikstunnel er tatt i bruk, og det gamle løpet oppgraderes. Samtidig som det nye sporet åpnet, ble også første del av den gamle tunnelen tatt i bruk, noe som gjør trafikken mer fleksibel og effektiv.

Arbeidet med nye spor og tilhørende tekniske anlegg er godt i gang både på jernbanestasjonen i Bergen og på godsterminalen, og ombygging av godsterminalen er nå 50 prosent ferdigstilt. Nygårdstangen terminal skal øke godshåndteringskapasiteten med mer enn 50 %. Samtidig reduseres biltransport inn og ut av Nygårdstangen.

Nye Arna stasjon åpnet 11. desember 2022, med et nytt gjennomgående spor med tilhørende plattform og publikumsfasiliteter. Ombyggingen har gjort stasjonen mer effektiv for togtrafikk og den er tilpasset alle typer brukere.

# Satsingsområde: Innfartsparkering





# Satsingsområde: Innfartsparkering

Miljøløftet jobbar ut frå ein felles strategi for innfartsparkering i bergensområdet. Målsetjinga er at innfartsparkering skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rushtida, når kø, luftforureining og støy er som mest utfordrande.

Prosjektlista under gjennomgår tiltak det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

## Innfartsparkering i bergensområdet

I Miljøløftet-området er det om lag 3650 parkeringsplassar for innfartsparkering, fordelt på 40 parkeringsanlegg. Om lag 1890 av parkeringsplassane er regulert med parkeringskontroll, dei resterande er opne.

Innfartsparkeringsplassane er relativt jamt fordelt mellom arbeidsgruppene sine geografiske område, med unnatak av arbeidsgruppe sentrum. Dette er i tråd med Miljøløftet sin vedtekne strategi, der det blant anna heiter at lokalisering av innfartsparkering i hovudsak skal skje i dei ytre områda i Bergensområdet.

## Endringar i tilbod

I 2022 blei tilbodet om innfartsparkering ved Kuven stasjon i Bjørnafjorden avvikla. Innfartsparkeringsan-

legget sør på Flatøy i Alver har blitt flytta i samband med bygging av ny kollektivterminal i området. På plassen som blir nytta i anleggsperioden er det 40 plassar, rundt halvparten av den ordinære kapasiteten. Frå juni 2022 har innfartsparkeringa ved Skjoldskiftet i Bergen hatt redusert kapasitet grunna anleggsarbeid i området.

## PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING Bjørnafjorden: Innfartsparkering i Lyseparken


I samband med opning av ny E39 mellom Svegatjørn og Rådal blei det etablert ei ny innfartsparkering i Endelausmarka i Bjørnafjorden kommune. Anlegget har 73 ordinære plassar og fem plassar sett av til menneske med nedsett forflyttingsevne. Målet med tiltaket er å auke tal bussreisande og skape konkurransedyktig reisetid med buss frå Bjørnafjorden og inn til Bergen.

## PROSJEKT UNDER PLANLEGGING

### Miljøgate Ågotnes

I reguleringsplan Miljøgate Ågotnes skal det takast stilling til ny plassering av kollektivterminal og tilhøyrande innfartsparkering. Det blir planlagt mellombels innfartsparkering under anleggsperioden til Sotrasambandet på Ågotnes og i området Fjell festning/Tellnes.

# Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon



# Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon

Miljøløftet jobbar for ein overgang til fossilfrie løysingar for kollektivtrafikken, og for å nytte miljøvennleg teknologi og innovasjon til meir effektiv drift og utnytting av eksisterande infrastruktur.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

## Miljøvennleg teknologi i kollektivtransporten

Miljøløftet skal bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom å ta i bruk miljøvennleg teknologi. Låg- og nullutsleppsteknologi kan gjere bussane og båtane til endå meir berekraftige transportalternativ. Miljøløftet har øymerka 25 mill. av belønningssidlane til ei årleg satsing på låg- og nullutsleppsteknologi. I året 2022 var

det særskilt fokus på utsleppskutt frå båt i Bergensområdet. I mars vedtok fylkesutvalet å stille krav til store utsleppskutt ved konkurranseutsettinga av båtutene Kleppstø–Strandkaien og Knarvik–Frekhaug–Bergen:

- Askøyruta skal driftast med to heilelektriske fartøy
- På Nordhordlandsruta er det krav til minst eitt deelektrisk fartøy, medan ei bonusordning kan utløyse ytterlegare kutt av drivstoff

Tiltaket er berekna å kutte CO<sub>2</sub>-utslepp med 2650 tonn CO<sub>2</sub> per år, noko som svarer til utslepp frå om lag 1300 personbilar.


## Bjørnafjorden: Forstudie - produksjons- og distribusjonssenter for hydrogen

Det er i 2022 utarbeidd forstudie for produksjons- og distribusjonssenter for hydrogen.



# Tiltak utanfor satsingsområde

## Trafikktryggleik Bergen




### Trafikktryggleik Bergen

1. Fv267 Ervikvegen/Åsamyrane
2. Fv5164 Hamrevegen
3. Fv5172 Skagevegen
4. Fv5190 Apeltunvegen/Smøråsvegen
5. Fv5198 Fanafjellsvegen
6. Fv5210 Godvik–Olsvik
7. Fv5214 Mathopsvegen/Hetlevikåsen
8. Fv5302 Tertnes og Kalvatræet skoler
9. Fv585 Birkelundsbakken
10. Fv585 Årstadveien / Kalvedalsveien
11. Krokeideveien
12. Mathopen skolekrets
13. Redusert fartsgrense 50 til 40 km/t
14. Rollandslia
15. Totlandsveien
16. Ådnemarka skolekrets
17. Fv0556 Ytrebygdsvegen gangfelt
18. Fv0558 Lyderhornsveien
19. Fv0582 Fanavegen v/Harald Skjoldsv.
20. Fv5158 Sandalsringen
21. Fv5182 (177) Fleslandsveien
22. Fv5186 Steinsvikvegen
23. Fv5202 Vadmyrveien
24. Fv5208 Kjøkkelvikv. og Skålevikv.
25. Fv5294 Ekrevegen/Reinane
26. Fv5306 Haukedalen og Ulsets kogen skolekretser
27. Fv5306 Morvikvegen (Viddalen–Slettestølen)
28. Fv5332 Nygårdsgaten
29. Fv5338 Kaigaten
30. Fv5342 Sandviksveien
31. Fv5352 Thormøhlens gate
32. Fv5372 Øvre Kråkenes
33. Fv546 Fanavegen ved Stend VGS
34. Fv578 Eidsvågveien
35. Fv582/5325 Inndalsv./Bjørnsons gt.
36. Fv582 Nesttunvegen
37. Fv585 Nattlandsveien–Natllandsfj.–Mannsverk
38. Fv587 Hardangervegen

- Ferdigstilt / under bygging
- Prosjektering

# Tiltak utanfor satsingsområde

## Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter, fylkesveg





# Tiltak utanfor satsingsområde/ Andre tiltak

*Miljøløftet jobbar også med tiltak som ikkje sorterer direkte under dei fire satsingsområda, men som likefullt er forankra i og bidreg til nullvekstmålet.*

*Dette kapittelet er sortert etter dei to pottane Trafikktryggleik Bergen og Vedlikehald av investeringskarakter, fylkesveg, og innanfor dei etter prosjektstatus og alfabet.*

## Trafikktryggleik Bergen

Arbeidet med trafikktryggleik i Bergen har som mål å få færre skada og drepne i trafikken. I dette arbeidet blir det prioritert tiltak retta mot gåande og syklande, der tiltak på skuleveg er spesielt vektlagt.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Lista er sortert etter høvesvis prosjektstatus og alfabet. Alle tiltaka er geografisk plassert i Bergen kommune.

### PROSJEKT SOM VAR FERDIGE, ELLER UNDER BYGGING

#### Fv267 Ervikvegen/Åsamyrane 1

Oppgradering veglys, utskifting av armaturer.

#### Fv5164 Hamrevegen 1

Tiltak ved kryssing sør for Hamre bru med fartsdempende tiltak mellom brua og svingen ved Klokkarvatnet. Betre utforming ved kryss mot Kismulvegen/ GS-tilbod. Det var delvis bygging i 2022, som blei koordinert mot Bergen kommune sitt VA-tiltak.

#### Fv5172 Skagevegen 1

Supplerende fartsdemping ved Ytrebygda skole med fartsgrensevurdering. Lystiltak ved krysningspunktene. Resttiltak avkjørselssanering, frisikt i kryss, intensivbelysning av eksisterende gangfelt.

#### Fv5190 Apeltunvegen/Smøråsvegen 1

Oppgradering av armatur mellom Hjortevegen og sнопlass Nøttveit. Betre TS for mjuke trafikantar. Skuleveg.

#### Fv5198 Fanafjellsvegen 1

Tiltak etter TS-inspeksjon. Sideterreng, siktutbedring, rekkverk. Ferdig 2021, sluttkostnader i 2022, men sluttoppgjøret er ikke endelig avklart.

#### Fv5210 Godvik–Olsvik 1

Tre gangfelt mellom Godvik barnehage og busstopp. Oppstramming av kryssområde mot Godviksvingane. Sikring av krysningspunkt i Olsvikskjenet.

#### Fv5214 Mathopsvegen/Hetlevikåsen 1

Sikring av krysningspunkt, fartsdempende tiltak og veglys.

#### Fv5302/578 Tertnes og Kalvatræet skolekretser 1

Tiltak og tilrettelegging i krysningspunkt, flytting av holdeplasser, nye gangfelt, kollektivtilpasset fartsdemping, belysning og universell utforming. Sluttoppgjøret er ikke endelig avklart.

#### Fv585 Birkelundsbakken 1

Sikring av gangfelt, veglystiltak og fartsdempende tiltak. Ferdig 2021, sluttkostnader i 2022, men sluttoppgjøret er ikke endelig avklart.

#### Fv585 Årstadveien / Kalvedalsveien 1

Oppgradere belysningsarmatur frå Ulriksdal til Kalvedalsvegen 43 (ca.)

#### Krokeideveien 1

Intensivlyst gangfelt ved Krokeide skule. Ferdig 2021, sluttkostnader i 2022, men sluttoppgjøret er ikke endelig avklart.

#### Mathopen skolekrets 1

Tiltak og tilrettelegging i krysningspunkt, flytting av holdeplasser, nye gangfelt, kollektivtilpasset fartsdemping, belysning, universell utforming. Ferdig 2021, sluttkostnader i 2022, men sluttoppgjøret er ikke endelig avklart.

#### Redusert fartsgrense fra 50 til 40 km/t 1

Ulriksdal–Paradis, Gravdal–Gyldenpris og Glass Knag–Bradbenken.

#### Rollandslia 1

Intensivbelysning av to gangfelt nær skolen. Ferdig 2021, sluttkostnader i 2022, men sluttoppgjøret er ikke endelig avklart.

#### Totlandsveien 1

Fartsgrensevurdering og fysisk fartsdempende tiltak ved Ulsmåg skole og Midtun. Nytt gangfelt ved gamle Har-dangerveien. Pågående byggesøknad for fortau i 2022.

**Ådnemarka skolekrets** 

Sikring av skoleveg, tiltak og tilrettelegging i krysningspunkt, nytt fortau og avkjørselsjustering på Arnatveit, tilrettelegging av holdeplasser, kollektivtilpasset fartsdemping, belysning og universell utforming.

**PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING I 2022****Fv0556 Ytrebygdsvegen oppgradering gangfelt** 

Veglys, vurdere fartsdemping, justeringar sideareal.

**Fv0558 Lyderhornsveien** 

Signalregulering av gangfelt ved Laksevåghallen. Endring av skuleskyss/ruteomlegging fører til større bruk av gangfeltet. Dagens gangbru blir omveg, tilfredsstillende ikkje UU og blir vurdert fjerna.

**Fv0582 Fanavegen v/Harald Skjolds vei** 

Utbetring av kryssingspunkt i Harald Skjolds veg. Dette er ein skuleveg som har hatt fleire uromeldingar.

**Fv5158 Sandalsringen** 

Sikring av krysningspunkt, fartsdempende tiltak, belysning gangfelt. Tiltak koordinert med aktuelle kollektivtiltak på strekningen.

**Fv5182 (177) Fleslandsveien** 

Det skal etableres gangfelt i dagens tilrettelagte kryssing nær krysset med Espehaugen. Belysning. Eventuelt sikre tilstrekkelig friskt mot vest, evt. sprengje noe i skjæringen mot vest.

**Fv5186 Steinsvikvegen** 

Tiltak på strekninga mellom Steinsvika og Dolvikvegen. Redusert fartsgrense, sikring av kryssingspunkt og nye gangfelt. Nytt gangfelt ved Steinsvikneset friområde og justering av busshaldeplassar.

**Fv5202 Vadmyrveien**

Oppgradere veglys og forsterke lys ved gangfelt.

**Fv5208 Kjøkkelvikvegen og Skålevikveien** 

Fartsdempende tiltak mellom Kjøkkelvik skole og Fæsterbanen. Sikring av eksisterende og nye krysningspunkt, fartsdempende tiltak og belysning av gangfelt. Omfang av strakstiltak langs Kjøkkelvikvegen avklares mot reguleringsplanarbeid på samme strekning.

**Fv5294 Ekrevegen/Reinane** 

Sikring av kryssingspunkt for mjuke trafikantar ved Reinane i Indre Arna. Skuleveg for elevar frå Mjeldheim til Ådnemarka skule. Fartsdempande tiltak, veglys.

**Fv5306 Haukedalen og Ulsetskogen skolekretser** 

Tiltak og tilrettelegging i krysningspunkt, flytting av hol-

deplasser, nye gangfelt, kollektivtilpasset fartsdemping, belysningstiltak og universell utforming.

**Fv5306 Morvikvegen (Viddalen–Slettestølen)** 

Oppgradert armatur på 3,5 km strekning, intensivbelysning av åtte gangfelt, enkle ts-tiltak, etablering av fartsputer. Tiltak blir gjennomført og koordinert med Bergen kommune som arbeider med utskifting av infrastruktur og avløpssanering på strekningen.

**Fv5332 Nygårdsgaten** 

Fartsdemping og sikring av gangfelte ved perrongen på Florida bybanestopp. Område med svært høg fotgjengar- og sykkelaktivitet, ma. med siktutfordringar ved gangfelte. Det har kome fleire uromeldingar knytt til dette punktet. Her er det aktuelt med mekanisk fartsdemping.

**Fv5338 Kaigaten** 

Det pågår avklaringar rundt arkeologi og bybanen, deretter blir det prosjektering. Vegtverrsnittet i Kaigaten ved Statens Hus skal utvidast for å motverke risiko for kollisjon mellom bybane og rutebussar som svingar inn i Vincens Lunges gate. Ei lite brukt trapp til gangbru skal fjernast for å gje betre forhold for mjuke trafikantar.

**Fv5342 Sandviksveien** 

Fartsdemping (humper/ hevede gangfelt), vurderer gangfelt ved Pyttergrenden, vurderer fartsregulering mellom Sandviken kirke og Sjøgaten. Det er mange uromeldingar knyttet til denne strekningen.

**Fv5352 Thormøhlens gate** 

Veglys/ intensivlys ved gangfelte mellom O.J.Brochs gate og Nygårdsgaten.

**Fv5372 Øvre Kråkenes** 

Mindre ombygging av haldeplass i samsvar med ts-evaluering av haldeplassstiltak. Usikkert om tiltaket realiseres på kort sikt.

**Fv546 Fanavegen ved Stend VGS** 

Det er utarbeidet rapport med anbefalinger om trafikk-sikringstiltak. Det er satt i verk tiltak mot villkryssing basert på rapporten. Nye gangfelt, nytt fortausareal, nedsatt fartsgrense og kollektivvennlig fartsdemping.

**Fv578 Eidsvågveien** 

Forsterka/ intensivlys i gangfelte mellom Eidsvågsneset og Eidsvåg.

**Fv582/5325 Inndalsveien/Bjørnsons gate** 

Komplisert og trangt kryssområde mellom Inndalsveien og Bjørnsons gate med konfliktsituasjonar mellom by-



banen og køyretrafikk. Prosjektet skal foreslå evt. tiltak m.o.t. kryssutforming, oppmerking, etc.

### **Fv582 Nesttunvegen**

Tiltak i gangfelt ved nr. 111. Eit ulykkespunkt der det har vore påkøyring av fotgjengarar. Betre lys, siktforhold, evt. justere fartsdemping.

### **Fv585 Natlandsveien–Natlandsfj.– Mannsverk**

Tre ulykkespunkt der det blir vurdert løysingar for kryssutforming, horisontalgeometri, sikt og veglys.

### **Fv587 Hardangervegen**

Intensivbelysning av eks. gangfelt på Bratland, Grimen og i Heldal.

## **Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter, fylkesveg**

Arbeidet med standardheving av investeringskarakter skal bidra til å halde fylkesvegnettet tenleg, trygt og effektivt. Midla går til tyngre vedlikehald som ikkje kan finansierast over vanlege driftsbudsjett.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Lista er sortert etter høvesvis kommune, prosjektstatus og alfabet.

## **Bjørnafjorden**

PROSJEKT SOM ER FERDIGE OG UNDER BYGGING

### **Fv552 Bøtre bru, Hatvikvegen**

I forbindelse med etablering av tiltaket i Hatvikvegen skal Bøtre bru oppgraderes. Prosjektering av ny løsnings har pågått i 2022.

## **Bergen**

PROSJEKT SOM ER FERDIGE OG UNDER BYGGING

### **Ibsensgate fortau**

I tilknytning til Bergen kommune sitt omfattende VA-prosjekt i Ibsensgate er det også blitt gjennomført flere TS-tiltak ved resetting av gaten. Nye gangfelt, oppgradering av fortau og nytt/oppgradert veglys, i tillegg er det rustet opp holdeplasser. Prosjektet er ferdigstilt i 2022.

### **Justering fartshumper**

Flere fartshumper trenger remodellering, da blant annet busser (leddbusser) tar nedi med påfølgende økte reparasjonskostnader. I 2022 er 12 fartshumper justert på Fv 546 Krokeidevegen fra Fana til Rød/ Utledalen.

### **Kringsjøvegen justering av fortau**

Fortau og kjørefelt over en strekning på om lag 50 meter er oppgradert. Dagens vegbane lå høyere enn

fortauskanten og fortauet var av særs dårlig kvalitet. På samme strekning har Bergen kommune skiftet VA-ledninger som berører det ene kjørefeltet. Tiltakene utfyller hverandre, og strekningen har blitt fullverdig. Tiltaket sto ferdig i 2022.

### **Oppgradering fortau**

I 2022 utførte driftskontraktene oppgradering av totalt 3,49 km fortau, som hadde svært lav standard. Dette er fortau med dårlig dekke, lave kanter, etc. Fortau er oppgradert på disse strekningene:

- Fv 5306 Hesthaugvegen og Morvikvegen, 0,34 km
- Fv 5304 Flaktveit, 1,3 km
- Fv 5298 Myrdalsskogen, 0,9 km
- Kringsjøvegen justering av fortau, 0,05 km
- Torgny Segerstedsveg -oppgradert fortau og noe drenering, 0,9 km

### **Overvatnhandtering**

Det er utført tiltak for å bedre fremkommelighet for myke trafikanter. Tiltakene er knyttet til overvannshåndtering, drenering etc.

### **Rekkverk**

Flere strekninger har fått oppgradert rekkverk i 2022. Til sammen er 3,88 km oppgradert.

- Fv 546 Krokeidevegen, 1,4 km
- Fv 5354 Tunesvegen, 0,6 km
- Fv 5294 Mjeldheimskleivane, 0,6 km
- Fv 5300 Tellevikvegen, 1,0 km
- Fv 5354 Hordnesvegen, 0,28 km

### **Rekkverk Kringsjøvegen**

Dårlig gjerde/rekkverk på strekning over høy mur skal skiftes ut langs fortau mot gravplassen på Laksevåg. Det er høyt utfor og det er kommet mange bekymringsmeldinger siden det er mange skolebarn som ferdes på strekningen. Prosjektering ble initiert sent i 2022.

### **Skjæringer med grensesnitt til myke trafikanter**

Det er benyttet midler til å sikre 0,55 km fjellskjæringer med grensesnitt til myke trafikanter på disse strekningene:

- Fv 556 Straumevegen–Sikre skjæring langs fortau - 0,1 km
- Fv 587 Helleveien–Sikre skjæring langs vei - 0,1 km
- Fv 577 Ytrebygdsvegen–Sikre skjæring langs G/S - 0,1 km
- Fv 578 Ervikvegen–Sikre skjæring langs fortau - 0,1 km
- Fv 5358 Øvre Fyllingsvei–sikring av skjæring - 0,1 km
- Fv 5358 Øvre Fyllingsvei–sikring av mur i forhold til myke trafikkanter - 0,05 km

## PROSJEKT UNDER PROSJEKTERING

### Hansaparken bru

Brua er i svært dårlig forfatning og må utbedres. Brua er viktig for å sikre fremkommelighet for alle trafikantgrupper, blant annet rutegående buss. Forprosjekt er utarbeidet. Prosjektering og godkjenning av konstruksjon har pågått i 2022.

### Mur i Godviksvingene

Mur i Godviksvingene må utbedres og fremkommelighet bedres. Ved stor belastning av vegkanten kan små steiner som allerede stikker ut av murfrenten, løsne og falle ut. Det kan for eksempel ved en påkjørsel føre til at den øverste murdelen mister lokal stabilitet og at vegen med kjøretøy glir ut. Det går rutegående buss på strekningen og fremkommeligheten er dårlig. Teknisk rapport er utarbeidet. Prosjektering og grunnverv har pågått i 2022.

## PROSJEKT UNDER PLANLEGGING


### Fv587 Søylen Sundsbrua

Søylen Sundsbrua på Hardangervegen nærmar seg estimert levetid (2030) og har større skader. Brua er særs viktig for å behalde framkome og å redusere sårbarheit i trafikkavviklinga i Bergen. Avbøtande tiltak er initiert på gamal bru, men det er ynskjeleg å etablere ny bruløysing inkludert tilbod for gåande og syklande. Ny bru vil sikre framkome for kollektivtrafikk og annan transport på strekninga. Tiltaket vil gi eit heilt nytt tilbod for gåande og syklande som ikkje har tilbod på dagens bru. Grunnboring og oppstartsmøte er gjennomført og det var gjort vedtak om formell planoppstart i juni 2022. Utarbeiding av planforslag går føre seg.

### Oppgradering av veg ved Sædalselven

Det er stort behov for tiltak da strekningen blir oversvømt ved flom. Dette gir store fremkommelighetsutfordringer for alle trafikantgrupper. Det foreligger vedtatt områdeplan der denne strekningen inngår. Plan vedtatt juni 2020. Mulige innfallsvinkler er under vurdering.

# Miljøløftet i kommunane: Effektiv arealbruk



Gjennom areal- og parkeringsplanar og aktiv knutepunktsutvikling jobbar partane i Miljøløftet for å sikre ei kompakt og miljøvennleg byutvikling som gir mindre behov for personbiltransport i bergensområdet.

Byvekstavtalen er ein integrert del av regional og kommunal planlegging. I tråd med føringane i byvekstavtalen skal Regional areal- og transportplan for bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland, så vel som avtalekommunane sine kommunepplanar, oppdaterast slik at dei bidreg til å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk i avtaleområdet.

Kapittelet gir ein status på Miljøløftet-kommunane sitt arbeid med forpliktingane rundt areal og parkering som ligg i byvekstavtalen. Anna relevant strategi- og planarbeid knytt til Miljøløftet sine satsingsområde i 2022 blir òg presentert.



# Alver kommune

## Alver kommune

**AREALPLANLEGGING OG KNUTEPUNKTSUTVIKLING**  
Kommuneplanen sin samfunnsdel vart godkjent i mai 2022. Alver opplever ei vesentleg tilflytting til sentrale strøk, samstundes som heile kommunen skal takast i bruk. Kravet om effektiv arealbruk er balansert i vedteken samfunnsdel, medan den praktiske løysinga på dette vert nedfelt i kommuneplanen sin arealdel, som starta opp hausten 2022.

Det er planar om omfattande utbygging av tilbod for gåande og syklende i den nye og framtidige Knarvikbyen. Dette skal bli realisert gjennom mellom anna privat-offentlege utbyggingsavtalar. I tilknytning til dette er det utført mykje administrativt arbeid i 2022, som vil medføre konkret anleggsarbeid i åra som kjem. Fleire hundre leilegheiter er i prosjektering og sal, og frå desse vil det vere kort gangavstand til offentleg kommunikasjon med mellom anna ekspressruter til og frå Bergen.

### ARBEID MED PARKERING

Parkeringssituasjonen i Knarvik kan vere utfordrande, særleg for pendlarar. Kommunen har sett i sving ei kartlegging med jamleg drone-fotografering for å overvake utviklinga. Dette vil vere nyttig i den vidare strategiske planlegginga for å få fleire over frå personbil til buss og båt.


### ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

#### Gange og sykkel

Sykkelparkeringar: Utover i 2022 er det gjort utgreiingsarbeid med nye sykkelparkeringar. Det er sett på plasseringar og gjennomført kostnadsvurderingar. For fundamentering av betongarbeidet har det vore dialog med entreprenør, mens sjølve anleggsarbeidet er skjøve til 2023.

### Miljøvennleg teknologi og innovasjon

I samarbeid med fleire Miljøløftet-kommunar er Alver med i utviklinga av meir saumlause løysingar for mobilitet i spreiddbygde områder, etter inspirasjon av «Nabogo» i Danmark. Skyss er også ein viktig samarbeidspartnar i dette. Det er førebels ikkje avklart om også Alver vert ein av pilotkommunane rundt Bergen. Bildeleordning har vore etterspurt i Alver, særleg for å kunne redusere den private bilparken.



# Askøy kommune

## Askøy kommune

### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Askøy kommune rullerer kommuneplanens arealdel og har jobbet med denne i 2022. Planen definerer sentrumsområder og legger føringer for fremtidig arealbruk. Målet er at planen kan legges ut på høring høsten 2023. Det er også arbeidet med en større områderegulering på Byneset, som grenser til regionsenteret Kleppestø. Her legges det opp til transformasjon av et tidligere næringsområde og planen legger til rette for fortetting. Boligene vil være i gang- og sykkelavstand til Kleppestø og kollektivknutepunkt.

### ARBEID MED PARKERING

Kommuneplanens arealdel legger også føringer for parkering, inkludert innfartsparkering. Det er startet opp et utredningsarbeid knyttet til innfartsparkering i Askøy kommune i 2022. Dette knyttes opp mot arbeidet med kommuneplanens arealdel og ferdigstilles våren 2023.

### ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

#### Gange og sykkel

I juni 2022 vedtok kommunestyret Sykkelstrategi for Askøy kommune, med tilhørende handlingsdel. Tiltak i handlingsdelen er blant annet trygg sykkelparkering, etablering av sykkelteiler og utredning av Askøysykkelen. Dette er en deleordning for elsykkel, tilsvarende bysykkelordningen i Bergen. Det er gjort forberedende arbeid knyttet til mulige løsninger for sykkelparkering og sykkelordning i 2022.

#### Miljøvennlig teknologi og innovasjon

Arbeidsgruppe vest i Miljøløftet initierte høsten 2022 et pilotprosjekt for samkjøring. Samkjøring handler om å få flere trafikanter inn i samme bil. Ved å benytte setene som er tomme i privatbiler i dag, kan man få ned antall biler på vegen og samtidig få et supplement til den ordinære kollektivtrafikken. Dette er spesielt viktig i mindre sentrale strøk som har lavere kollektivdekning. Prosjektet faller inn under satsingsområdet miljøvennlig teknologi og innovasjon da mye av løsningen ligger i app-teknologi som kan koble sjåførere og passasjerer. Skyss har ledet arbeidet med forprosjektet og Askøy har sammen med de andre kommunene vært del av arbeidsgruppen. Askøy kommune vil være en av pilotkommunene i prosjektet.



# Bjørnafjorden kommune

## Bjørnafjorden kommune

### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKT-UTVIKLING

Kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedteken i november 2022. Planen gir klare mål for arealutviklinga og støtter opp om nullvekstmålet. I 2022 blei bustaddelen av arealdel for Bjørnafjorden vest ferdig mekla og det var einigheit om fortettingssonene for bustad innanfor avtaleområdet. Kommunen la områdeplan for Osøyro ut på høyring hausten 2022. Planforslaget har mellom anna med seg transformasjon av eksisterande parkeringsareal, ny kollektivterminal og gang og sykkelløysingar i sentrum.


### ARBEID MED PARKERING

Kommunen opparbeidde pendlarparkeringar med 80 plassar ved busshaldeplassen i Lyseparken før opninga av ny E39.

### ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

#### Gange og sykkel

Kommunen har eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet med sykkelstrategi og strategi for grøn mobilitet, som er under arbeid og vil bli gjort ferdig i løpet av 2023.





# Øygarden kommune

## Øygarden kommune


### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNUTEPUNKTS-UTVIKLING

Kommunestyret vedtok ny samfunnsdel for Øygarden kommune i mars 2022. Mange av dei overordna måla og strategiane som er vedteke i samfunnsplanen er samanfalle med måla og forpliktingane i byveksttalen. Samfunnsplanen definerer også senterstruktur for kommunen. Senterstrukturen har vore førande for innspel av nye prosjekt til Miljøloftets handlingsprogram 2024-2027, med prioritering av investeringsprosjekt lokalisert i kommunedelsenter Skogskiftet og Ågotnes.

For regionsenter Straume er det starta opp eit parallelloppdrag for å sjå nærare på løysingar for korleis Stovevatnet kan utviklast saman med etablerte og planlagde strukturar på Straume, etter etableringa av nytt Sotrasamband. Mobilitet og framtidige mobilitetsløysingar for mjuke trafikantar er ein sentral del av oppdraget. Det er starta eit førebuande arbeid til eit strategisk planprogram for kommuneplanen sin arealdel, og det er venta at oppstarten blir kunnngjort første del av 2024.

### ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLOFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

Kommunen har eit godt kunnskapsgrunnlag for sykkelstrategi knytt til noverande situasjon, men bygginga av Sotrasambandet vil kunne endre desse føresetnadane. Kommunen arbeidar med ein ny mobilitetsstrategi/trafikkanalyse for regionsenter Straume. Både mobilitetsstrategien og temaet mobilitet i parallelloppdraget (sjå over), vil gje føringar for framtidige mobilitet i regionsenteret. Dei vil danne grunnlag for vurdering av framtidige Miljøloftetprosjekt i området.



# Bergen kommune

## Bergen kommune

### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Bergen kommunes arealdel KPA2018 ble vedtatt i 2019, og bygger opp under en ambisjon om å gå fra bilbasert til kompakt gåby i tråd med avtale i Miljøløftet. Det pågår for tiden en rekke planer som oppfølging av denne:

### Mindemyren

Mindemyren er under transformasjon til Mindebyen. Bybanen åpnet 21. november 2022, og med en transportkapasitet for 20 000 mennesker baner den vei for realisering av et stort antall boliger og næringsvirksomheter. Det er stort privat engasjement i området og kommunen har jevnlig dialog med grunneierne i området via grunneierforum.

### Laksevåg

Arbeidet med kommunedelplan for kollektivsystem Vest (KDP Vest) i regi av Miljøløftet pågår. Planarbeidet har betydning for utvikling av områdene Loddefjord, Laksevåg og Dokken i Bergen.

Det pågår arbeid med områdereguleringsplan for å sikre gode forbindelser mellom Laksevåg, Damsgårdssundet og sentrum. Planarbeidet skal tilrettelegge for mer flerfunksjonelle og aktive leveområder med en tilgjengelig strandsone som viderefører gangakse fra Solheimsviken. Planområdet skal også sikre landingspunkt for ny gang- og sykkelbro til Dokken.


Områdeplanen for Laksevågneset skal legge til rette for transformasjon av dagens industriområde til en bydel med boliger, næring og andre funksjoner, som ny ungdomsskole med idrettshall. Det stilles høye krav til byrom og grønnsstrukturer. Det skal legges til rette for gange, sykling og kollektivreiser i dagliglivet der framtidig bybanetrase skal sikres.

### Fyllingsdalen

Planforslag til områdereguleringsplan for Fyllingsdalens sentrale deler var på høring våren 2022. Det er mål om et mer utadvendt og flerfunksjonelt bydelssenter med nye funksjoner, inkludert kulturhus, torg/møteplasser og boliger. Det legges til rette for ny boligbygging i sentrumskjernen og byfortettingssonen rundt, samt opprustning av deler av eksisterende nett for gående og syklende, i tråd med sykkelstrategien.

### ARBEID MED PARKERING

Bergen kommune bruker boligsoneneordningen i og



omkring Bergen sentrum som et virkemiddel for parkeringshåndtering. Hovedformålet er å skape et mer attraktivt bomiljø, og samtidig bedre parkeringsforholdene for beboerne. 2. mai 2022 ble det innført to nye boligsoner: sone 13 Damsgård og sone 14 Kringsjå. Totalt dekker boligsonene i Bergen nå 7,4 km<sup>2</sup>.





Morgonutdeling under oppstarten for Sykle til jobben i Bergen sentrum, med dåverande byråd Thor Haakon Bakke. Foto: Anders Kjetland.



Aktivitetsdag i Spildepollen sykkelpark i Øygarden under mobilitetsveka i september 2022. Foto: Gaute Ulltang /MOOW



Morgonutdeling på Kleppestø kai under starten av Mobilitetsveka 2022. Foto: Anders Kjetland



Bergen Tubakvartett var mellom dei som underheldt på førpremieren av Bybaneopninga 20. november. Foto: Andrea Opsvik.



Miljøløftet på sosiale medier i 2022. Foto: Haltenbanken



Miljøløftet var til stade under "Bærekraft i Bergen" 10. desember 2022.



# Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet

Sekretariatet koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen mellom partane i Miljøløftet. Sekretariatet legg til rette for god porteføljestyling, og syter for jamleg rapportering på økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit ansvar for ekstern kommunikasjon. Det er ei viktig oppgåve å fortelje kvifor vi har Miljøløftet, og bidra til å endre haldningar og motivere til nye handlingar.

## Kommunikasjon og haldningsendrande arbeid

